



Vår dato:
13.09.2024

Vår referanse:
2023/1260-L13

Vår saksbehandlar:
Rakel Friis

Dykkar dato:
«RefDato»

Dykkar referanse:
«Ref»

«MottakerNavn»
«Adresse»
«Postnr» «PostSted»

Høyring av detaljregulering for bustadområde Strandavegen 101/226 m.fl., PlanID 202304

–

Utval for areal og samferdsel handsama framlegg til detaljreguleringsplan for bustadområde Strandavegen 101/226 m.fl., PlanID 202304 sak PS 27/2024. Utvalet gjorde slikt vedtak:

1. Framlegg til detaljregulering for bustadområde Strandavegen 101/226 m.fl., PlanID 202304 vert i medhald av plan – og bygningslova §5-2 vedteke utlagt til høyring og offentleg ettersyn.
2. Ved vedtak av plan vert delar av detaljregulering for Sponavikjo – bustad, naust og småbåthamn, gnr. 101 bnr. 10, 11, 20, 112, 140 og 141 m.fl, Meling, PlanID 202006 oppheva.

Føremålet med planen er å utarbeide ein heilskapleg detaljreguleringsplan som legg til rette for utvikling og fortetting av bustadområdet. Planen omfattar totalt seks bustadtomter, derav to er utbygd frå før og ei vert opna for bygging av tomannsbustad. Planen opnar for etablering av fem nye bustadeiningar. I tilknytning til bustadområdet vil ein også regulere inn eksisterande areal til leikeplass. Bustadane vil få tilkomst via noverande kommunal tilkomstveg Strandavegen, og det vert lagt opp til parkering på eiga tomt.

Planframlegget vert sendt ut på høyring, og er utlagt til offentleg ettersyn på kommunen si nettside frå 13.09.24 til 01.11.24. Det vil i tidsrommet vera høve til å kome med merknad til planframlegget.

Eventuelle merknadar til planframlegget kan sendast til Bømlo kommune v/Arealbruk, Leirdalen 1, 5430 Bremnes eller elektronisk til postmottak@bomlo.kommune.no

Vedlagt ligg dei mest sentrale plandokumenta. Me gjer merksam på at det er mogleg å sjå plandokumenta med alle vedlegg, og gje merknad til planframlegget via kommunen si nettside [Samfunnsutvikling - planar og høyringar - Bømlo kommune \(bomlo.kommune.no\)](https://bomlo.kommune.no) under offentlege høyringar.

Med helsing
Bømlo kommune

Rakel Friis
sakshandsamar arealplan
Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift